

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 28.03.2006 **Tid:** 15.00-18.10

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Hjørdis Tysse
Inge Aasgaard

I staden møtte:

Eva Hellevang

Andre som var tilstade på møtet: Kulturkonsulent Johs. Tysseland, ass.adm.sjef H.L. Våge

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 30. mars 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:**Audhild Aadland Olsnes stilte følgjande spørsmål;**

- ✓ *Status for leikeplassen på Lønnebakken og på Bjørkheim ?*

Ass.adm. sjef orienterte om at på Lønnebakken skal tomta til leikeplassen tilretteleggast og når det er gjort kan dei busette i området gå saman td i eit grendalag og opparbeide på dugnad ein leikeplass for området. På Bjørkheim har initiativtakarane kome med eit nytt innspel om ønskje av leikeplass. Dette er no til handsaming.

- ✓ *Korleis skal innbyggjarar gå fram med klager på kommunale tenester ?* Nokon innbyggjarar vender seg til politikarane for å klage på ulike tenester.

Ass.adm.sjef orienterte om at klager på tenester til kommunen bør komme formelt til sentraladministrasjonen eller einingsleiar, på mail, telefon eller skriftleg. Det er svært viktig å få registrert evt. misnøye for å kunne gjere noko med det.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ass.adm.sjef orienterte om følgjande;

1. Avd. Haga

Leiar for oppvekst og omsorg var saman med ass.adm.sjef og opna barnehagen tysdag 21 mars. Oppstarten på avd. Haga , som er ein midlartidleg barnehage på Gjerde har gått svært bra og barna har fått ein mjuk start. Det er 11 barn frå 4 ulike nasjonalitetar som har plass.

2. Ny barnehage på Gjerde

Teknisk eining er endå i forhandlingar om kjøp av tomtene til den nye barnehagen. Byggenemnda vil ikkje verte kalla inn til møte før kommunen formelt står som eigar. Administrasjonen skal i neste veke ha møte om korleis framdrifta i saka bør leggest opp.

3. Bassenget

Bygginga av bassenget er i rute og det vil verte oppstart med symjeundervisning ved skulestart hausten 2006. Administrasjonen vil starte opp samarbeidet med offentleg bading og syte for at nødvendige kurs for symjeinstruktørar vert sett i gang før sommarferien.

4. PPT

Eit notat om PPT-arbeidet og tolkinga av OO sitt vedtak vart lagt fram munnleg. Det vart avklara med utvalet status for PP-Tenesta i dag og at Samnanger i det framtidige samarbeidet ønskjer å få til avtale med Os. Administrasjonen følgjer opp dette arbeidet.

5. Tilsyn

Fylkesmannen var på tilsyn hos Samanger kommune 9-10 mars, for å vurdere om kommunen følgjer opp Opplæringslova, og særskilt § 13-10 2.ledd – system for vurdering. Tilsynet gjekk igjennom systemet for skulevurdering på Nordbygda og Gjerde skule. Kommunen fekk mykje skryt og har eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging av OPL, men at der føreligg eit avvik på forskrifta om skulevurdering, § 2-1. Dette går ut på å etablere eit system der skuleeigar sett klare vurderingsmål for skulane og evaluerer desse kontinuerleg.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0005/06	06/00142 INTERNASJONALT ENGASJEMENT STYRINGSGRUPPE
0006/06	06/00030 KULTURMIDLAR 2006.
0007/06	05/00375 KULTURSTIPEND FOR UNGE

0005/06

INTERNASJONALT ENGASJEMENT STYRINGSGRUPPE

Framlegg til vedtak::

Det vert oppnemnd ei politisk leia styringsgruppe på 5 medlemmer for aktivt internasjonalt engasjement

- 3 politisk valde medlemmer, inkl.leiar av gruppa:
- 2 administrativt valde medlemmer:
- **Mandat for styringsgruppa for internasjonalt engasjement:**
 - Definera omfang og innhald i vidare engasjement og framtidige avtalar.
 - Setja ned arbeids- og ansvarsgrupper med leiar i konkrete tidsavgrensa prosjekt.
 - Utarbeida mandat for prosjektgruppene.
 - Vurdera ressurstilgang, -bruk, -behov (med tanke på tidsbruk og økonomi)
 - Ha ansvar for å fortløpande evaluera kommunen sitt internasjonale engasjement med bakgrunn i rapportar med meir.

Rapportera til kommunestyret årleg.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak, og nemner opp følgjande representantar; Politisk - Audhild Aadland Olsnes, Eva Hellevang, Inge Aasgaard.

Administrasjon- kulturkonsulenten, ass.adm.sjef

Nemnda vel ein av dei politikse representane til leiar.

Vedtak:

Det vert oppnemnd ei politisk leia styringsgruppe på 5 medlemmer for aktivt internasjonalt engasjement

- 3 politisk valde medlemmer; Audhild Aadland Olsnes, Eva Hellevang, Inge Aasgaard. Nemnda vel ein av dei politisk valde til leiar av gruppa:
- 2 administrativt valde medlemmer; kulturkonsulent Tysseland, ass.adm.sjef Våge
- **Mandat for styringsgruppa for internasjonalt engasjement:**
 - Definera omfang og innhald i vidare engasjement og framtidige avtalar.
 - Setja ned arbeids- og ansvarsgrupper med leiar i konkrete tidsavgrensa prosjekt.
 - Utarbeida mandat for prosjektgruppene.
 - Vurdera ressurstilgang, -bruk, -behov (med tanke på tidsbruk og økonomi)
 - Ha ansvar for å fortløpande evaluera kommunen sitt internasjonale engasjement med bakgrunn i rapportar med meir.

Rapportera til kommunestyret årleg.

0006/06

KULTURMIDLAR 2006.

Framlegg til vedtak::

Administrasjonen legg ikkje fram tilråding i saka.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta fordeling av kulturmidlar og slutta seg til framlegg frå kulturkonsulent. Framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samanger kommune tildelar følgjande kulturmidlar for 2006

Namn på søkjar	Tildelt 2006
1.1500.3770.4701: Tilskot til song og musikk	
Tysse/Nordbygda musikklag	20 000
Samnanger skulemusikklag	15 000
Samnanger barnekor	3 000
Sum	38 000
1.1500.3803.4701: Tilskot til idrettsarbeid	
Samnanger idrettslag	62 000
Tysse skyttarlag	4 000
Samnanger Jeger og Fiskerlag	4 000
Sum	70 000
1.1500.2310.4701: Tilsk. Barne- og ungdomsarbeid	
URD ul	5 000
Nordbygda ul.	35 000
Vonheim Revy og Teaterlag	5 000
Samnanger jentelag	2 000
Samnanger gutalag	2 000
Ungdomsklubben Petit	13 000
Samnanger søndagsskulelag	2 000
Soul survivor, Samn. Kyrkjelyd	4 000
Norsk kulturskuleråd, barnas festspilldag	4 000
Den kulturelle skulesekken	10 000
Administrativ tildeling	10 000
Sum	92 000
1.1500.3851.4701: Tilsk. Forsamlingshus	
Nordbygda ul.	0
I/S Vonheim	0
Tveit ul.	0
Sandvik grendalag	0
Sum	0
1.1500.3854.4701: Øvrige kulturføremål	
Røde Kors, Besøksteneste	4 000
Samnanger Røde Kors	5 000
Samnanger historielag	3 000

Samnanger Pensjonistlag	2 000
Rolvsvåg Turlag	1 000
Kulturstipend	10 000
Kulturstien	5 000
Sum	30 000
<i>Totalt fordelt</i>	<i>230 000</i>

0007/06

SAKSPROTOKOLL: KULTURSTIPEND FOR UNGE

Framlegg til vedtak:

Arild Tveit vert tildelt kr. 10.000 i kulturstipend for ungdom for 2006. Grunngeving: Samnanger kommune viser til attesten frå Noregs Freestyleforbund som framhevar Arild Tveit sine gode internasjonale resultat innan idretten sin: Freestyle

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta kandidatane og slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Arild Tveit vert tildelt kr. 10.000 i kulturstipend for ungdom for 2006. Grunngeving: Samnanger kommune viser til attesten frå Noregs Freestyleforbund som framhevar Arild Tveit sine gode internasjonale resultat innan idretten sin: Freestyle.